

TID	Morgon	Formiddag	Kveld	Natt	Morgon	Formiddag	Kveld
Vêr & vind for Hareidlandet i dag og i morgon	1 ☀️	2 ☁️ 4 m/s	1 ☀️ 6 m/s	2 ☁️ 7 m/s	2 ☁️ 8 m/s	2 ☁️ 1 m/s	0 ☁️ 4 m/s
FLO	07:10/19:47	08:17/20:50	09:08/21:38	09:48/22:17	Værdato levert av: Meteorologisk Institutt		
FJØRE	00:52/13:37	02:01/14:43	02:56/15:32	03:40/16:12	Dagens er blitt 03:23 timar lengre sidan vintersolvær		
				SOLA i dag: 08:38/17:03 i morgon: 08:35/17:06		NORDVESTLANDET I GÅR	
				VARMÅST Tafjord 8.2°C		KALDAST Mannen -9.0°C	
				VÅTÅST Åkerneset 10.6 mm		MEST WIND Myklebust 20.6 m/s	

TIPS: REDAKSJON@VIKEBLADET.NO
SENTRALBORD: 70 01 85 00

KVELDSVAKT:
ANDREAS STEINNES BJERKNES



482 25 319



Feil namn

I Vikebladet Vestposten tysdag kom vi i skade for å skrive feil namn i artikkelen om prisutdelinga på årsmøtet til Ulstein Næringslag. Banksjefen i Sparebanken Møre heiter Kjell Brudevoll og ikkje Kjell Valderhaug. Vi seier oss leie for feilen.

RED.

Det blir gebyr på registrerte køyretøy utan forsikring

NPK: Dersom du eig eit registrert køyretøy som ikkje har gyldig forsikring, vil du frå 1. mars få gebyr for kvar dag køyretøyet er uforsikra, opplyser Statens vegvesen.

For personbilar er gebyret 150 kroner per dag.

Alle forsikringsselskap som tilbyr trafikkforsikring er medlem i Trafikkforsikringsforeningen. Det er denne foreninga som er ansvarleg for å krevje inn gebyret.



ELVIS I KYRKJA: Denne gjengen, og resten av koret Con Moto, byr på Elvis-gospel i Ulstein kyrkja saman med Paal Flataa, Vidar Busk og Steven Ackles førstkamde onsdag.

Con Moto klare for Elvis-gospel i Ulsteinkyrkja

INNSENDT

Con Moto er inne i sitt førtiande år, og vi startar jubileumsåret med gospelsong. I haust kom vi godt i gang med øving fram mot jubileumskonserteren vi skal ha i slutten av oktober, men frå årsskiftet har vi brukt mest tid til innøving av dei songane vi skal vere med å framføre i kyrkja onsdag 14. februar.

Denne kvelden kjem turneen «In memory of Elvis» med trioen Paal Flaata, Stephen Ackles og Vidar Busk med ensemble til Ulsteinvik, før dei reiser vidare og besøker eit par andre kyrkjer på Sunnmøre. Før jul fekk vi spørsmål om vi ville vere med dei og syngje på nokre av dei nummera dei skal framføre. Det syntest vi høyrdest spanande ut, og vi takka ja til invitasjonen. På repertoaret står kjende og kjære tonar som har fylgt oss gjennom heile livet, og vi trur

dette blir ei fin og mektig oppleving for alle som likar Elvis og gospeltonar.

Med vår dyktige dirigent Einfrid Grindheim har vi hatt ei god og kjekk oppkøyring, og vi gler oss alle til å vere med og fylle kyrkja med glade tonar denne onsdagskvelden.

CON MOTO

Bygde-pride på Sunnmøre

NPK: I mai vert det for første gong eit Pride-arrangement i Ørsta og Volda. I ein fire dagar lang festival vert det fokus på skeive rettar, mangfald og glede.

Det er organisasjonen Ørsta/Volda Pride som arrangerer Bygdepride, som går av stabelen 10.-13. mai.

Arrangørane lovar parade, konsertar, kino og foredrag der alle, uansett kven dei er, er velkomne.

- Vi ønskjer å vise at Ørsta og Volda er eit lokalsamfunn som viser aksept og mangfald, og der alle skal kjenne seg heime. Ingen skal lengje kjenne at det er nødvendig å flytte fordi ein er anleis, seier leiar Anbjørn Steinholm Frislid i Ørsta/Volda Pride.

Ørsta/Volda Pride vart skipa i oktober, og har som føremål å fokusere på rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i bygdemiljøet.

Derfor blir vi røtte av kattungar

NPK: Bilete av søte dyr og babyar med store auge og små nasar vekkjer eit biologisk behov i oss, går det fram av ein masterstudie som er gjort ved [Psykologisk institutt](#) ved Universitetet i Oslo (UiO).

Det er Kamilla Knutsen Steinnes som har granska kjenslene som oppstår når vi ser bilete og videoar av søte dyr og babyar i sosiale medium. Ho fann kort og godt ut at forsøkspersonane hennar vart røtte på ein positiv måte, noko forskarane kallar kama muta - det å bli «gripen av kjærleik».

- Ein får ei varm kjensle i brystet, ein kan få gåsehud, somme fekk faktisk òg tårer i auga av å sjå på ein kattunge i 30 sekund, seier Steinnes til NRK.

I forsøka fann Steinnes òg at testpersonane vart meir omsorgsfulle etter å ha sett på søte babyar og dyr. Det ser òg ut til at dei populære motiva gir folk motivasjon til å pleie forholda til andre menneske.

- Litt overraskande kanskje, så kan dette òg overførast til andre rasar. Omsorgsbehovet vårt er så sterkt at vi føler dei same sterke kjenslene overfor ein hundekvelp som overfor ein baby, seier forskaren.

HJALMAR

